Saman om
Internavis for tilsett i Sogndal kommune

God jul

2012, nummer 4

Positiv utvikling og nye oppdrag

Vi er i ferd med å leggje bak oss eit godt år for Sogndal kommune. Den svært gode folketalsauken vi hadde i 2011 har halde fram i 2012. Fleire store utbyggingar er fullførd i 2012. I løpet av 2 veker var eg med på å opne Høgskulebygget, Sjøkanten og nye Sogningen. Ei positiv utvikling i kommunen krev at kommunen yter gode tenester. Også på dette området har 2012 vore eit godt år. Vi har levert i høve samhandlingsreforma med å ta i mot utskrivingsklare pasientar frå dag ein, vi har nyleg opne senger for øyeblikkeleg hjelp, vi har gjennomført eit fellesprosjekt med Luster og Leikanger om folkehelse og førebyggjande helsearbeid i Sogn og vi har vidareførd planlegginga for utbygging av SOS med å lage framlegg til reguleringsplan for området. Skulane har også i 2012 levert svært gode resultat i dei nasjonale prøvane. Her ligg vi på landstoppen. For skulane har vi gjort store utbetringar for fleire skulebygg og skuleområde, særleg på Trudvang skule og Kvåle skule. Vi har tilbydd barnehageplass for alle som har søkt om det i 2012. Eg kunne nemnd fleire område. Takk til alle dykk som har bidrege til denne positive utviklinga i 2012.

Nytt år er også nye utfordringar og nye oppdrag for oss. Vi som jobbar i kommunen får dei nye oppdraga frå kommunestyret. Kommunestyret har nyleg vedteke økonomiplan for 2013-2016, og m.a. vedteke dei 10 høgast prioriterte arbeidsoppdraga:

- Vi skal ta i bruk eit kvalitetssikringssystem for alle tenester og forvaltning i heile kommunen og delta i det nasjonale programmet «Saman om ein betre kommune».
- Vi skal følgje opp samhandlingsreforma ved å regulere og prosjektere utbygging av Sogndal lokalmedisinske senter og Sogndal omsorgssenter i løpet av 2013.
- Vi skal byggje ut infrastruktur med veg, vatn og avlaup til nytt hytteområde i Hodlekve og vedta ny reguleringsplan for å auke overnattingskapasiteten i Hodlekve.
- Vi skal gjere strandsona i Sogndal sentrum tilgjengeleg for allmenta, ved å leggje til rette for allmenn bruk av friluftsområda på Hagelinnesa og byggje ut fjordstien og elvepark i 2013 og 2014.
- Vi skal i samband med ny skulebruksplan for vidaregåande opplæring arbeide for eit opplæringstilbod til det beste for ungdomen i regionen. Vi skal styrke samhandlinga mellom Sogndal vidaregåande skule, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Sogndal fotball, kommunen og private verksemder på Fosshaugane Campus.
- Vi skal gjennomføre delar av plan for opprusting av Mundal sentrum i samarbeid med Bygdeutvalet i 2013.
- Vi skal i samband med arbeidet med Nasjonal transportplan prioritere utbygging av sykkelvegnett langs riksveg i samsvar med sykkelplan, miljøtunell gjennom Sogndal sentrum og tunell Hagalandet – Valeberg.
- Vi skal i løpet av 2014 vedta plan for barnehageutbygging i kommunen.
- Vi vil bruke naudsynte verkemiddel som føringar på reguleringsplanar og tilgang på utbyggingsareal, for å få nok tilgang på bustader i alle deler av kommunen. Vi skal delta i Husbanken sitt bustadsosiale program og i løpet av 2013 politisk handsame prosjektplan med mål og tiltak for programmet
- Vi skal i samband med revisjon av arealdelen lage plan for utviding av industriområdet på Kaupanger, og vi skal planlegge ny veg til industriområdet i Fjærland.

Før vi tek til på desse spanande oppdrag i 2013 ynskjer eg alle dykk ei god jul og eit godt nytt år.

Jostein

Omdømebygging, kompetanse og rekruttering

Dette er tema vi skal jobbe med i prosjektet ”Saman om ein betre kommune” – eit treårig prosjekt i regi av KRD. Vi har nettopp fått melding om at vi er teke opp i prosjektet, og arbeidet vil starte opp på nyåret – Første steg vil vere å utarbeide ein prosjektplan som vil verte drøfta i leiargruppa og Kontaktutvalet.

Kommunen har hatt ei positiv folketalsutvikling og på fleire område god rekruttering til kommunale stillingar. Vi ønskjer å arbeide meir systematisk for å utnytte den positive folketalsutviklinga til å betre rekrutteringa til område i kommunen der vi slit med tilgangen på medarbeidarar, og der vi ser at behovet for rekruttering i framtida er stort.

Mål for arbeidet er å kartlegge alle kommunale område der vi har rekrutteringsutfordringar, vurdere ”omdømestatus” til områda og tiltak som kan styrkje rekruttering på kort og lang sikt. Vi vil ha eit særleg fokus ungdom, innvandrarar og rekruttering til helse- og omsorgssektoren.

Du finn meir informasjon på
www.samanom.no

Saman om ein betre KOMMUNE

Kvalitetsutvikling

Arbeidet med kvalitetsutvikling og innføring av eit kvalitetssystem starta for fullt etter nyttår i år. Kommunen har teke i bruk eit nytt elektronisk datasystem i samarbeid med Balestrand, Leikanger og Luster. Hjå oss heiter systemet SKK (Sogndal kommune kvalitetssystem).
Så langt har tenesteleiarane, avdelingsleiarar og superbrukarar på kvar eining fått opplæring i å bruke datasystemet. Men alle tilsette i kommunen skal få opplæring i korleis finne dokument og korleis melde avvik.

Vi har vidare oppretta eit kvalitetsutvalet med følgjande medlemar. Kommunalsjef Inger Pedersen (leiar), kommunalsjef Osvald Lykkebø, tenesteleiar Astri Riiber, tenesteleiar Kristian Losnegard Karlsen, økonomisjef Erikka Torgersen, einingsleiar Maj Britt Solberg (systemansvarleg) og Steinar Øydvin (Utdanningsforbundet).

Omtale av kvalitetsutvalet, referat frå møta og anna informasjon om SKK vert lagt ut på intranettet og på kommunen si nettside under ”for tilsette”.

25 år i Sogndal kommune

Overrekking av gullklokke på Joars Restaurant i samband med kommunestyret sin julemiddag 2012.

Jubilantar i år:

Pleie og omsorg: Tove Rønning og Vigdis Hatleberg
Kyrkjebakken barnehage: Kirsten Stenehjem og Eli Hjelmhaug
Kvåle skule: Anne Fosse
Trudvang skule: Anne Marit Aasen (ikkje tilstade) og Sigrun Liseth
Kaupanger skule: Kristin Fossnes, Grete Nes og Geir Navarsete
Økonomi og personal: Brit Hagås
Fag og Utvikling: Arthur Langeland (ikkje tilstade)

Byrja og slutta i Sogndal

Velkomen!

Barn og unge:
Linda Brusegard – sjukepleiar.

Kommunalteknikk:
Geir Ove Dvergsdal – reinhaldar.
Gjermund Kvernmo – driftsingeniør.
Arve Hafstad – driftsingeniør
Randi Reed – reinhaldar.
Patrick Makera – reinhaldar.

Pleie og omsorg:
Wenke Molland – sekretær.
Rigmor Kvåle – heimehjelp.

Barnehagar:
Veronica Solheim Knudsen – barne- og ungdomsarbeidar.

Norane oppvekstsenter:
Sissel Aina Åberge – tenesteleiar.

Fjærland oppvekstsenter:
Ann Helen Lægreid – fagarbeidar.

Helse og sosial:
Vigdis Offerdal – spesialsjukepleiar.

Takk for innsatsen

Pleie og omsorg:
Torbjørg Bjelde – hjelpepleiar.
Turid Aud Margrete Kvåle – sekretær.
Marianne Supphellen – heimehjelp.

Kommunalteknikk:
Arvid Valland – senioringeniør.

Økonomi og personal:
Aase Loftesnes – konsulent.
Gro Lefstad Drægni – konsulent.

Helse og sosial:
Inger Johanne Lomheim – ingeniør.
Sondre Rypdal – lege.

Kaupanger skule:
Liv Anny Lerheim – lærar.

Sjukefråvær t.o.m kvartal 3 2012

SJUKEFRÅVÆR t.o.m. 3. KVARTAL 2012

Eining:	2010	2011	t.o.m. 3.kvt.2011	t.o.m. 3.kvartal 2012	*3.kvartal 2011*	*3.kvartal 2012*
IKT - Tenestetorg	3,3	3,6	**3,8**	**7,3**	*1,8*	*13,6*
Kultur	0,5	11,8	**10,9**	**10,4**	*13,8*	*0,4*
Kommunalteknikk	5,9	5,6	**4,2**	**7,4**	*4*	*6,7*
Plan og næring	1,8	1,1	**2,6**	**2,5**	*1,2*	*3,2*
Helse- og sosiale tenester	5,5	3,9	**3,6**	**4,1**	*3,5*	*3,8*
Barn og unge	4,4	10,3	**9,9**	**8,9**	*13,5*	*9,6*
Pleie/omsorg	7	8,2	**8,3**	**7,7**	*8*	*7*
Barnehagar	6,1	9,1	**9,3**	**6,4**	*7,7*	*4,8*
Fjærland	3,6	1,2	**0,8**	**3,7**	*0,8*	*3*
Norane	4,5	5,5	**5,9**	**4,8**	*4,6*	*5*
Kaupanger skule	2,3	3,3	**3**	**4,5**	*4*	*2,8*
Trudvang skule	4,4	6,1	**4,2**	**3,8**	*4,3*	*2,8*
Kvåle skule	1,9	6,4	**5,9**	**6,3**	*6,9*	*5*
Økonomi	3,2	7,2	**5,5**	**10,7**	*13,7*	*2,2*
Fag og utviklinga	3,4	4,9	**7,8**	**3,6**	*5*	*2,2*
Samla	**4,9**	**6,3**	**6,1**	**6,1**	*5,3*	*5,4*

INFORMASJON FRÅ PERSONALAVDELINGA

Trening på Campus.
Minner om treningane på Campus, Det er svært god oppslutnad til tysdagstreningane. Treningane held fram t.o.m. veke 51 i 2012.
Startar oppatt i veke 2 med same treningstider som 2012.
Det er fortsatt mange ledige plassar til torsdagstreningane kl. 15.00 1 time m/nakke og ryggtrening/styrketrening. Håpar fleire vil nytte seg av dette tilbodet utover. Tilbodet er ope for alle tilsette som har høve til å møte.
Tilsette som har belastande jobb, og elles problem med nakke/rygg, kan, etter avtale med leiar, få trene i arbeidstida.

Lokale tingingar
Lokale tingingar for 2012 er no avslutta og dei som har blitt tildelt her er allereie varsla frå sitt forbund eller frå administrasjon.
Protokollane er underteikna og etterbetaling og ny løn vert registrert på desemberløn for dei dette gjeld.
prosessen har som tidlegare gått svært bra og samarbeidet mellom organisasjonane og administrasjon har vore både god og effektiv.

Sjukefråvær 2012.
Målsetjinga er at sjukefråværet skal halde seg mellom 5 og 6 %.
Vi ligg svært godt an til å kunne nå den målsetjinga.
Det vert jobba godt i einingane, både i prosjektarbeid og i det daglege oppfølgingsarbeidet, noko som tabellen til venstre synleggjer.
Nav er ein god samarbeidspartnar som både støttar i form av prosjektmidlar og konsulenthjelp.

Tilsettedagen 2013
Tilsettedagen vert som tidlegare meldt onsdag den 30. januar 2013. Invitasjon vert sendt ut før jul.

Reglement og retningslinjer for tilsette i Sogndal kommune
Ein gjennomfører i desse dagar revisjon av alle reglement og retningslinjer for tilsette i Sogndal kommune.
Etter endt revisjon og vedtak i administrasjonsutvalet vert desse lagt ut på heimesida til kommunen under fane for Tilsette.

Folkehelse og førebyggjande helsearbeid i Sogn

Folkehelse og førebyggjande helsearbeid i Sogn (FFHIS) er eit samarbeidsprosjekt mellom Leikanger, Sogndal og Luster kommune.
Prosjektet har fått offentleg støtte og har som mål å bidra til ei samfunnsutvikling som fremmar folkehelsa og utjamnar sosiale skilnadar i helse. Prosjektet er forankra i Lov om folkehelsearbeid og Helse- og omsorgstjenestelova som trådde i kraft ved årsskiftet i 2012.

Organisering

Kommunestyra i Sogndal, Leikanger og Luster er oppdragsgivarane til prosjektet. Styringsgruppa bestemmer retninga til prosjektet saman med prosjektgruppa som består av folkehelsekoordinatorar frå kommunane.

Det er utarbeida prosjektplan med hovudformål:

- Gjennomføre ei vurdering av helsetilstand og helse-utfordringar i ulike aldersgrupper i befolkninga basert på kommunebarometer og anna relevant helsedata
- Vurdera/analysera årsakstilhøve og konsekvensar av helsetilstand og helseutfordringar
- Dokumentera etablerte tiltak med mål og førebygging og tidleg intervensjon i ulike alders-grupper og evaluera desse tiltaka i høve til effekt
- Gjennomføra ei vurdering av samarbeidstiltak innanfor samfunnsmedisin og potensielle samarbeidstiltak knytt til frisklivssentral, Fosshaugane Campus, Luster bad, idrettsanlegg/skianlegg og andre større tiltak i eit førebyggjande arbeid retta mot ulike aldersgrupper. Når det gjeld frisklivssentral er det t.d. eit sentralt tema om me vil ha nytte av å dela kompetanse og ressursar.
- Gje ei fagleg fundert og samla tilråding på mål, strategiar og tiltak som er eigna til å møta helseutfordringane på kort og lang sikt i ulike aldersgrupper i kvar einskild kommune og i form av interkommunalt samarbeid.

Prosjektet har fått eiga nettside. Der ligg nyhende, rapportar og prosjektplan.

Nettsida er: http://ffhis.blogspot.com/

Rapportar frå kartleggingsarbeidet er lagt ut på nettsida:

- Forprosjekt om helsetilstand
- Rapport om helseutfordringar

Rapport om etablerte folkehelsetiltak
FFHIS oppmodar om å følgje prosjektet på nettsida og kom gjerne med innspel.

Me ynskjer å bidra til;

- å styrke det kunnskapsbaserte førebyggingsarbeidet
- å legge til rette for å gje folkehelsearbeid meir innhald ut i frå lokale forhold og førekomst av sjukdom
- å utvikle frisklivsstilbodet slik at dei som har behov for det, får tilbod om motivasjonssamtale og lokale tilbod på område som kosthald, tilpassa fysisk aktivitet og røykeslutt
- å utvikla frisklivsstilbodet slik at det kan vera ein ressurs og eit kontaktpunkt for andre helsefremjande tiltak i kommunen
- å gjere anlegg for fysisk aktivitet på tvers av kommunegrensene betre kjent for innbyggjarane i kommunane og leggja til rette for auka bruk av desse å utvikla samarbeidet med Høgskulen når det gjeld kompetanseutvikling og forsking gjennom kommunehelsetenesta

Frå opning av folkehelseutstillinga på biblioteket.

Foto: Camilla Skjær Brugrand, Sogn Avis.

Om Saman om
Har du innspel eller noko du trur kan passe i Saman om? Har du ris eller ros til Saman om?
Send gjerne ei melding til oss i redaksjonen.
Redaksjonen
Inger Pedersen, Bente Bakke, Maj Britt Solberg, Gunnlaug Fimreite